




KOMMUNEREFORMA



Kommunegrensene kan

Om regjeringa får det som ho vil, kjem lokale politikarar til å teikne eit nytt kommunekart i 2015.

Laila Borge

Det komande året vert travelt for lokale politikarar. Samstundes som dei skal drive valkamp og

nye kommunestyre skal konstituere seg, skal dei finne ut om kommunen er liv laga eller om grenser skal flyttast.

Regjeringa ynskjer større og sterkare kommunar. Dei har bede kommunane vurdere samslåing med nabokommunar. Våren 2016 er siste frist for tilbakemelding frå kommunane.

Dei aller fleste kommunane i

landet er i gang med å vurdere nabokommunane og diskutere moglege konstallasjonar. Men dei er framleis langt frå å konkludere.

Kjenner ikkje oppgåver

– Den alminnelege kommentaren frå kommunane er at det er krevjande å bli veldig konkrete før dei har fått avklart kva dei

faktisk skal gjere, seier områdedirektør for interessepolitikk Helge Eide i KS (Kommunesektorens organisasjon).

– Kommunane er i gang med samtaler, men med varierende grad av engasjement. Dei synest det er vanskeleg når dei ikkje har fått avklart eit så sentralt spørsmål som kva oppgåver dei skal handtere. Ta for eksempel rus og

psykisk helse. Om kommunane skal ta ansvar for heile dette feltet, vil det påverke kva behov dei ser for kommunesamslåing, seier Eide.

1. desember la ekspertutvalet for kommunereforma fram sluttrapporten sin. Her går dei gjennom ulike oppgåver som kommunane kan verte pålagde. Rapporten tek for seg ulike